

Hjelmås VVS A/S

Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Kari Elisabeth Iø

Vår ref. Telefon
2013/86 - 0 - 56 37 56 77
1238/2013

Arkivkode: Dato:
202/108 15.01.2013

**Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - eks. fritidsbustad.
Sylvia Staff - gbnr. 202/108 - Hjelmås.**

Vi viser til søknad mottatt 14.01.13 m/vedlegg:

- Situasjonsplan.
- Erklæring for godkjenning av eks. sanitæranlegg.
- Bruksløyve for tilknytning til kloakk-kum av 26.12.12.

Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vatn og avløp.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonnet sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.


Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter at anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.

Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til søkjar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må ta til før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøka dette før oppstart.

Med helsing

for

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift


Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

